



Orden og reinhald av sanitæranlegg på Rabben. får en positiv attest. Dette er frå gjestetoalettet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter har no fått ein positiv attest av kommunen – etter inspeksjon av Miljøretta helsevern. Ingeniør Knut Evjen konkluderar med at orden og reinhald av sanitæranlegg er bra.

Evjen summerar opp at verksemnda består av 17 hytter og at den har teltplassar, oppstillingsplassar for bubilar og vognar. Det er felles sanitæranlegg med toalett og to dusjar. No skal det byggjast ny tømmeasjon for campingvognar og bubilar.



Steinar Myklebust på Rabben får positiv attest frå Miljøretta helsevern.

Handicaptaolett og stellerom (same rom) er under oppussing. Handicaptaolettet må ha ein plassering av inventar og utstyr som gjer at rullestolbrukarar kan nytta rommet. Det har berre ein vask. Det er ikkje hygienisk forsvarleg å bruka sme vasken til bleieskift og handvask. Difor milrår Miljøretta helsevern at at det blir montert ein handvask. I tillegg må ein ha god ventilasjon for å fjerna lukt.

Om leikeapparatet skriv Evjen at huskestativet manglar støtdempande underlag og at boltar og stolpar som stikk ut må bli kutta.

Om sandkassa skriv han at det mest sannsynleg blir nytta CCA (koppar, krom og arsen) trykk- impregnert trevirke. Ved avrenning lek det ut ein del farlege stoff i sanden, spesielt arsen. Dersom ein ikkje kan dokumentera at dette er miljøimpregnerte materialar, må dei enten bli fjerna og byttast ut med nye etter så må dei bli sett inn med olje eller maling slik at det ikkje skjer avrenning.

Eit av dei tiltaka som blir anbefalt av NGO for betring av situasjonen er fjerning av jord/sand i ein meters breidde og 20-30 centimeters djupne rundt CCA-trykkimpregnert trevirke i kontakt med jord/sand, påpeikar kommunen sin representant.

Av Ola Matti Mathisen